

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 09.02.2021

Sak nr.: 20/4805-29

Internt l.nr. 3657/21

Sak: 1/21

Tittel: Saksprotokoll - Klagehandsaming - Dispensasjon Masseuttak Myradn

Handsaming:

Habilitet:

Arne Glenn Flåten (H) bad om vurdering av sin habilitet då han ved tidlegare handsaming i kommunestyret vart kjend inhabil.

Habilitet vart røysta over. Plan og forvaltningsutvalet fann Arne Glen Flåten (H) er inhabil i saka, samrøystes.

Ikkje møtande varamedlem.

Avrøysting:

Framlegget frå rådmannen fekk 6 røyster, 4 Sp, 1 Sv og 1 V.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet tek ikkje klagen på vedtak om lenging av masseuttak på Myradn til følge. Dette vert grunngjeve med at klagen omhandlar problemstillingar som har vore vurdert tidlegare i prosessen og slik danna grunnlag for vedtak. Klagen fremjar ikkje nye opplysningar som kunne hatt betydning for utfallet av saka ved vedtak fatta i kommunestyret den 21.10.2020. Det vert ut over dette vist til vurderingar i saksutgreiinga til saka.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.